

Referat frå møte i Underutvalet for vilt og innlandsfisk 19.06.18

Møtt: André Michelsen, Dag Sætre, Edgar Grindheim, Jan Gunnar Vaktskjold, Jannicke Helland, Øystein Frotaule og Andreas Granli

Sak 1 og 2.

Innkalling og referat frå førre møte vart godkjend.

Sak 3.

Fellingsløyve vart godkjend av Underutvalet. God fordeling på alder og kjønn i kvotene. Kvoten er på 280 dyr i 2018.

Andreas orienterte om minsteareal.

Det var eit ønske om å ha med areal i tabellen i løyvingsskrivet frå kommunen. Merk at areal er notert på løyve til kvart vald.

Sak 4. Bestandsplan

Valda må gjera arbeidet med bestandsplan. Kommunen sett saman eit infoskriv til valda.

Sak 5. Ymse

Haustmøte:

Viltforvaltaren i Meland og leiar for bestandsplanområde i Meland legg fram sine erfaringar frå bestandsplanarbeidet på haustmøtet.

Uni research sender representant for å halde foredrag om fisk.

Fiskeforvaltning:

Underutvalet kom inn på tema fisk og Øystein kom med ei innføring om fiskeforvaltningen i Hallandsvatnet. Elles vart fiskebestanden generelt diskutert, bestanden er varierende.

Det vart stilt spørsmål rundt kva kultiveringstiltak grunneigar eller andre interesserte kan gjera. Andreas undersøker til neste møte.